
Saknr: 2020/42823-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Handlingsplan - Selskapskontroll av Bybanen AS**Forslag til vedtak**

- A1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet **fylkesrådmannen** har starta opp i samband med selskapskontroll av Bybanen AS.
- A2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme med ny skriftleg status på oppfølging av alle punkta i selskapskontroll slik at det kan handsamast i møte i utvalet i oktober 2020.
- A3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 21.09.2020.
-
- B1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningararbeidet **Bybanen AS** har gjennomført i samband med selskapskontroll av Bybanen AS.
- B2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen til møte i utvalet i oktober 2020.
- B3. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for alle dei gjennomførte forbetringane.
- B4. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 21.09.2020.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 01.10.2019, når det gjeld selskapskontroll av Bybanen AS.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan etter selskapskontroll av Bybanen AS
- 2 Selskapskontroll av Bybanen AS - handlingsplan

Saksutgreiing**Bakgrunn for saka**

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 67/19 i møte 01.10.2019:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
 - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
 - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vurderingar og verknader

Tilbakemelding frå fylkesrådmannen:

Handlingsplan frå fylkesrådmannen vart ikkje levert sekretariatet innan fristen som var sett til 01.03.2020. Etter purring vart vedlagte notat (vedlegg 1) motteke i sekretariatet 24.03.20.

Sekretariatet ser positivt på det forbetningsarbeidet fylkesrådmannen har starta opp i samband med selskapskontroll av Bybanen AS. Det går fram av notatet at litt av forbetningsarbeidet er

gjennomført, men det meste skal vera på plass innan tredje kvartal 2020 og at resten skal være på plass i løpet av 2020.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny skriftleg status frå fylkesrådmannen på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen.

Tilbakemelding frå Bybanen AS

Sekretariatet har mottek vedlagte notat (vedlegg 2) datert 26.02.2020 frå Bybanen AS som inneheld oppfølging av denne selskapskontrollen. Vi har også merka oss at det kan sjå ut som at notatet er send frå fylkesrådmannen, då det er han som er avsendar på notatet, medan det er adm. dir. i Bybanen AS som er sakshandsamar.

Sekretariatet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er gjennomført av selskapet i samband med selskapskontroll av Bybanen AS. Det går fram av notatet at ein del av forbedringsarbeidet for punkta 1 - 5 er gjennomført og at resten skal være på plass i løpet av 2. kvartal 2020. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre svar på punkt 6 i vedtaket.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny skriftleg status frå Bybanen AS på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for alle dei gjennomførte forbetringane. Dette kan t.d. vera gjeldande styreinstruks, at styremedlemmene er lagt inn i styrevervregisteret, modell for budsjett, eigarstyringsmodell, rutinar i samband med etablering av nytt kvalitetssystem og annan relevant dokumentasjon.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber **fylkesrådmannen** komme med ny skriftleg status på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen slik at det kan handsamast i møte i utvalet i oktober 2020.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg status frå **Bybanen AS** på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen til møte i kontrollutvalet i oktober 2020. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for alle dei gjennomførte forbetringane.